

Fastlege

21.07.2017

Av: Stord kommune

Publisert: 11.07.2017 14:00

Oppdatert: 11.07.2017 13:35

ID 1302 Fastlege

Stord kommune har ledig nyoppretta fastlegestilling/vikariat fastlege.

Søknadsfrist: 31.07.17

Stord er ein industrikommune i Hordaland med vel 18 000 innbyggjarar. Kommunen er kommunikasjons- og regionscenter for Sunnhordland med gode samband til Bergen, Haugesund og Stavanger. Me har flyplass med flygingar til m.a. Oslo. Kommunen er landfast mot sør gjennom Trekantsambandet. Skuleverket er godt utbygd med m.a. vidaregåande skular, allmenn- og førskulelærer-, sjukepleiar- og ingeniørutdanning. Stord sjukehus er lokalsjukehuset for Sunnhordland. Me har eit rikt kulturliv med nærare 300 organisasjonar og det er gode vilkår for idretts- og friluftsliv.

Nyoppretta fastlegestilling/vikariat fastlege (ID 1302)

Det er ledig fastlønnsstilling for allmenlege i Stord kommune. Stillinga kan dei første 5 åra knytast til eit pilotprosjekt med utdanningsstilling for legar i allmenmedisin – ALIS Vest .

Legen vert første året lokalisert i ein fleirlegepraksis, Heiane legesenter, der det er ledig eit vikariat. Praksisen har gode lokale, stabil arbeidsstokk og tilsette med lang erfaring. Legen må ta del i vakt som er eit interkommunalt samarbeid mellom Bømlo, Fitjar og Stord kommunar. Vaktområdet omfattar vel 31 000 innbyggjarar med om lag 3 vakter/mnd., fastlønnsordning og oppdelt vaktøger. Det er tilstadesvakt for lege samlokalisert med interkommunalt øh. døgntilbod i eige bygg ved Stord sjukehus. Tilgjenge av sjukepleiar heile vaktøgeret.

Krav til stillinga

- Godkjent norsk autorisasjon som lege.
- Søkjar må ha fullført turnusteneste eller fått godkjent tilsvarende teneste av Statens Autorisasjonskontor for Helsepersonell som gir høve til å praktisere som fastlege.
- Ha refusjonsrett frå Helfo.
- Fagleg dyktig og gode samarbeidsevner.
- Gode norskkunnskapar med tilfredsstillande kommunikasjonsevne vert vektlagt.

Løns- og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande kommunalt avtaleverk. Det må leggast fram politiattest ved oppstart.

Dersom søkjar ynskjer å verta unnateke frå offentleg søkjarliste, må det grunngjevast. Opplysningar om søkjaren kan bli offentleggjort, sjølv om søkjar har bedt om ikkje å verta oppført på søkjarlista. Søkjaren vert varsla dersom ynskje om reservasjon ikkje vert teke til fylgje.

Nærare opplysningar hjå kommuneoverlege Sørheim tlf. 53496600 (sentralbord)/ 99095893 eller personal- og organisasjonssjef Anlaug Tenold tlf. 53496600 (sentralbord)

Søknadsfrist: 31.07.17

Søk på stillinga